



Tannhelsetilbod til aldersgruppa 21-24 år

Reglar gjeldande frå 29.3.2023:

1. 25 og 26-åringar får ikkje lenger rabatt

Stortinget har endra sitt tidlegare vedtak om at 23-26-åringar frå 1. januar 2023 skulle få 50 prosent rabatt på tannbehandling. Frå 29. mars blir det ikkje lenger gitt rabatterte tannhelsetenester til dei som fyller 25 eller 26 år i behandlingsåret.

2. Aldersgruppa 21-24 år får 75 prosent rabatt

Frå det året du fyller 21 år, og til og med det året du fyller 24 år, kan du få tannbehandling til 75 prosent rabatt i den offentlege tannhelsetenesta. Tilbodet følgjer kalenderåret ut det året du blir 24 år. Tilbodet gjeld for dei som bur eller som oppheld seg i fylket. Rabatten gjeld ikkje kosmetisk tannbehandling, til dømes tannbleiking.

Ordninga med 75 prosent rabatt for 21-24-åringar gjeld frå 29. mars 2023 og har ikkje tilbakeverkande kraft. Tannbehandling gjennomført i perioden 1. januar 2023 til 29. mars 2023 gir ikkje meir enn 50 prosent rabatt.

3. Kva gjer du som er 21-24 år for å få rabatt?

Ta kontakt med din offentlege tannklinikk for å avtale time, dersom du ikkje allereie har timeavtale.

Helse- og omsorgsdepartementet har 24. mars bestemt at tilbodet ikkje gjeld tannbehandling hos private tannliknikkar dersom fylkeskommunen ikkje har avtale med private behandlarar. Arbeidet med å inngå slike avtalar vil ta tid, og inntil anna informasjon blir gitt, får du ikkje rabatt dersom du vel å nytte eit privat behandlingstilbod.


4. Kan du som er 21-24 år framleis gå til din private tannlege?

Det kan du, men du vil da ikkje kunne få 75 prosent rabatt på tannbehandling som er påbegynt etter 29. mars 2023. Dersom du skal fullføre eit behandlingssløp som er påbegynt før denne datoen, vil du få 75 prosent rabatt på behandling planlagt før 29. mars og utført etter denne datoen.

5. Er du 25 eller 26 år og har tatt imot tannbehandling i januar, februar og mars 2023?

For behandling hos privat og offentlig tannlege i tidsrommet 1. januar – 28. mars 2023 vil du få 50 prosent rabatt, slik regelverket var i det tidsrommet.

På grunn av endringane i vedtaket frå Stortinget så har du som fyller 25 eller 26 år i 2023 ikkje rett på rabatterte tannbehandling utført på privat eller offentlig tannklinikk etter 29. mars 2023. Unntak frå dette er tannbehandling påbegynt før 29. mars 2023 og der det ligg føre eit planlagt behandlingssløp.





Oversikt over offentlege tannklinikkar i Møre og Romsdal finn du på <https://mrfylke.no/kultur-folkehelse-og-tannhelse/tannhelse>

For å få refundert behandlingsutgifter for behandling som er påbegynt før 29. mars (sjå pkt. 4 og 5), må du sende ei spesifisert kvittering for tannbehandlinga som du får frå den private tannklinikken til:

- Fylkestannlegen i Møre og Romsdal fylkeskommune, fakturamottak, postboks 2501, 6404 Molde.

Hugs å oppgi namn, fødselsdato, adresse, telefonnummer og kontonummer (11 siffer).

Du må rekne med minst 4 veker behandlingstid før refusjonen blir utbetalt.

